


## **Vedlegg: Plan med beskriving og kartfesting av miljøtiltaket**

Området er prega av mange års gjengroing. Eg overtok garden, som då hadde vore utan drift i mange år, i 2015. I 2016 starta eg opp med villsauer og i samband med dette reparerte eg gjerde/satte opp nytt/utvida i eit område der sauene oppheld seg mellom anna vinterstid og som grenser til området eg no søker om. Sauene nyttar også andre deler av garden sommarstid til beite. Området eg no søker tilskot til er ikkje nytta og er prega av gjengroing. Det vil gje mykje finare kulturlandskap å utvide beitet med dette området. Øvre delen av området ligg langsmed Sundsbøvegen og det vil verte finare og trivelegare langsmed vegen for alle som ferdast på vegen dersom området vert teken i bruk som beite. Det vil også verte satt opp grind langsmed Sundsbøvegen i nærleiken av den sørlege eigedomsgrensa slik at det vert mogeleg å nytta området til å gå tur. Per i dag er området så gjengrodd og tungt framkommeleg til fots at det ikkje vært nytta til dette. Sauene vil gjere det fint og mogeleg å gå frå Sundsbøvegen og ned til bergryggen ved sjøen. Der er det fint å gå langsmed kanten på bergryggen med flott utsikt. Det er bratt ned til sjøen, så det vil truleg være mogeleg å ikkje ha gjerde langsmed sjøsiden anna enn strekk ned til sjøen i tilknytning til kvar ende. Delen av området som grenser ned mot sjøen er såleis ikkje medteken i antall meter gjerde det vert søkt om.

Frå Sundsbøvegen og nesten heilt ned til sjøen er det eit gammalt steingjerde som er grensa mellom Sundsbø og Fanebust. Planen er å sette opp gjerde nære dette steingjerdet (kulturminne).

Planen er som det framgår av kartet tenkt todelt, med oppsetting relativt snart for den største delen av området, mens den andre delen er meir usikker.



Tilgjengelige eksisterende i bunn, strållyst, vindskibe

Planlagt utviding steg 1 (Tilskotteland)

Klauvhoimen

Trongholet

119 / 2 / 0

Planlagt utviding steg 2 (Tilskotteland)

Sundsboregen

Oldrevika

Sundsb

Lynghoimen

Sjohamra